

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 20.01.05  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen  
Saka gjeld: **Funksjonsfordeling nevrokirugi**

**Styresak 14/05 O pkt. 3**

**Styremøte 02.02. 2005**

---

## Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF har på bakgrunn av styresak 30/02 *Funksjonsfordeling innen nevrokirurgi*, rapporten *Organisering av nevrokirurgisk virksomhet i Helse Vest* og styresak 64/02 *Funksjonsfordeling innen nevrokirurgi* vedtatt at nevrokirurgi er ein regionfunksjon som skal være lokalisert til Haukeland universitetssjukehus (HUS). Samstundes blei det vedtatt ei arbeidsdeling mellom HUS og Stavanger universitetssjukehus (SUS), og at akuttfunksjonen i nevrokirurgisk verksemd blei oppretthaldt ved SUS. Styret forventa vidare at dei to helseføretaka skulle samarbeide i samsvar med omtalte rapport.

På denne bakgrunn blei det utarbeida ei samarbeidsavtale mellom dei to nevrokirurgiske avdelingane ved HUS og SUS.

## Nåsituasjon

Avtalen mellom avdelingane har ikkje blitt etterlevd frå Helse Stavanger HF si side, på tross av at dette har blitt tatt opp med føretaket ved fleire høve. Også i 2004 har det blitt føretatt planlagde inngrep i Stavanger som ikkje er i samsvar med avtalen.

Helse Stavanger HF har spelt inn at dei har problem med bemanning, og ønskjer hjelp til å løyse dette samt at ein ønskjer ei løysing der det skal kunne gjennomførast eit avgrensa tal planlagde inngrep pr år i Stavanger. Nevrokirurgisk avdeling i Stavanger har vidare sagt opp avtalen med avdelinga i Bergen.

Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har blitt bedt om å klare opp i desse forholda, men har ikkje lukkast med det.

## Vidare oppfølging

Helse Vest ønskjer å løyse denne saka ved i første omgang å få på plass ei ny avtale mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF med den same oppgåvefordelinga som låg i den gamle avtalen. Det har blitt utarbeid eit kort mandat for vidare arbeid, og ein har bedt om at nevrokirurg Tor Ingebrigtsen som er avdelingsoverlege ved nevrokirurgisk avdeling ved Universitetssykehuset i Tromsø om å leia dette arbeidet

Ingebrigtsen har i første omgang gjort ein gjennomgang av oppgåvefordelinga mellom føretaka i samarbeid med avdelingsoverlegane ved dei nevrokirurgiske avdelingane.

Semje og usemje er klarlagt og Ingebrigtsen har på denne bakgrunn gitt sitt råd om oppgåvefordeling mellom HUS og SUS til Helse Vest RHF. Nå føregår det ei kartlegging av volum ved dei to avdelingane.

Når denne er klar vil Helse Vest RHF på bakgrunn av Ingebrigtsen sitt råd, ta ei avgjerd om oppgåvedelinga mellom sjukehusa. Ei detaljert oversikt over denne oppgåvefordeling må inn i ny avtale. Vidare vil ein søkje å få til ei avtale på helseføretaksnivå som omfattar samarbeid som gjer det mulig å oppretthalde vaktordninga i Stavanger, sikre spesialistutdanninga i regionen samt tiltak for å oppretthalde kompetanse for spesialistar som arbeider i Stavanger. I tillegg skal det leggast til rette for innsyn i verksemndene.

Dersom dette arbeidet ikkje lukkast, må det foretas ei breiare utgreiing av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest.